
Vedtekter for samvirkeforetaket

Vassenden Barnehage SA, org. nr. 971 496 886

1 Samanslutningsform, foretaksnavn og forretningskontor

Samansluttinga er eit samvirkeforetak med foretaksnamnet Vassenden Barnehage SA. Foretaket har forretningskontor i Jølster kommune, på 6847 Vassenden

2 Føremål

Foretaket har som føremål å eige og drive barnehage til det beste for medlemmane, og deira barn. Foretaket skal fremje medlemmane sine økonomiske interesser via deira deltaking i verksemda, som kjøparar av barnehagetenestar frå foretaket. Føremålet er ikkje kapitalavkastning til medlemmane. Eit eventuelt overskot skal godskrivast eigenkapitalen i foretaket.

3 Medlemskap

Foretaket er opent for foreldre/ føresette som får tilbod om barnehageplass i barnehagen. Når foreldre/ føresette har akseptert tilbod om barnehageplass, pliktar dei å bli medlem av foretaket. Medlemsskapet kan etter avtale med dageleg leiar overdragast mellom føresette som har felles barn.

Medlemmane betalar ikkje medlemskontingent, og heftar ikkje overfor kreditorar for verksemdas forpliktingar.

Foretaket kan bruke elektronisk kommunikasjon når det skal gjevast meldingar, varsel, informasjon, dokument og liknande etter samvirkelova til medlemmane, når medlemmane har godtatt dette.

Når eit medlem skal gje meldingar eller liknande etter lov om samvirkeforetak, kan medlemmane gjere dette ved hjelp av elektronisk kommunikasjon til verksemdas e-post adresse, eller pr brev.

4 Innskot av andel.

Det betalst ikkje innskot av andel

5 Utmelding

Eit medlem pliktar ved skriftleg utmelding å melde seg ut av føretaket samstundes som barnehageplassen blir oppsagt .Utmeldingsfristen er like lang som barnehageplassens oppseiingstid. Dette vere seg tre-3 månader regna frå den dagen den skriftlege utmeldinga kjem fram til føretaket. Ved utmelding av siste barn , reknast ein og som utmeldt frå føretaket.

Ved utmeldingsfristens utløp har medlemmen krav på å få tilbakebetalt eit innskot etter for kvar barnehageplass etter utgått oppseiingstid.

6 Styret

Føretaket skal ha eit styre som skal bestå av ein styreleiar, nestleiar, to-2 styremedlemmar, samt to- 2 varamedlemmar, i tillegg til desse har dageleg leiar, samt to representantar frå personalet møterett og uttalerett. Funksjonstida for styreleiar og dei andre medlemmane er to-2 år. Varamedlemmar veljast for eit år om gongen. Styreleiar, styremedlemmar, og varamedlemmar kan veljast igjen. Styret skal veljast av årsmøtet.

Årsmøtet vel styreleiar ved særskilt val. Styret vel nestleiar, og konstituerar seg blant sine medlemmar.

7 Oppgåver som er tillagt styret.

Styret skal lede føretaket i samsvar med lov, vedtekter og vedtak gjort av årsmøtet. Styret kan ta alle avgjersler som ikkje i lova eller vedtektene er lagt til andre organ. Stureleiar skal sjå til at styret held møter når det er behov. Eit styremedlem, eller dageleg leiar kan krevje at styret blir samankalla for å ta opp bestemte saker. Styret skal:

- føre protokoll over styresaker i samsvar med samvirkelova. Protokollen skal underskrivast av dei styremedlemmane som har delteke i styrebehandlinga.
- vere ansvarlege for ei forsvarleg organisering av føretaket.
- fastsetje planar og budsjett for føretaket, og orientere om budsjett på årsmøtet.
- halde seg orientert om føretaket sin økonomiske situasjon, og sjå til at det blir ført fullgod kontroll med føretaket, rekneskapet, og forvaltning av formuen.
- styret fungerer som SU når ikkje anna er valt.
- velje rekneskapsførar, og ha ansvar for at rekneskapet saman med styrets kommentarar blir lagt fram for årsmøtet.
- setje i verk naudsame undersøkingar for å kunne utføre sine oppgåver, og /eller dersom ein eller fleire av styremedlemmane krev dette.

- føre tilsyn med dageleg leiar, og verksemda i føretaket, der styret har arbeidsgjevaransvar.
- fastsetje instruks for dageleg leiar, og utarbeide styreinstruks.

8 Vedtak gjort av styret.

Styret kan treffe vedtak når meir enn halvparten av alle styremedlemmane er tilstades eller er med på sakshandsaminga. Styret kan likevel ikkje treffe vedtak utan at alle styremedlemmane så langt det er mogeleg har fått anledning til å delta i handsaminga. Ved forfall skal eit varamedlem innkallast.

Eit styrevedtak krev at fleirtalet av dei styremedlemmane som er med på behandlinga av ei sak, har stemt for. Står stemmene likt, gjeld det som møteleiar har stemt for. Dei som stemmer for eit vedtak som medfører endringar, må likevel utgjere minste in tredjedel av styremedlemmane.

Ved val og fastsetjingar kan styret på førehand fastsetje at ein stemmer på nytt dersom ingen får fleirtal av dei stemmene som eg gjevne. Står stemmetalet likt ved val av styreleiar eller møteleiar, blir valet avgjort ved loddtrekking.

Signatur - Prokura:

Leiar og eit medlem i eigarstyret har signaturen til laget. Styrar er gjeven prokura.

9 Dagleg leiar (styrar)

Dageleg leiar i føretaket blir tilsett av styret. Dageleg leiar skal stå for den dagelege administrative og pedagogiske leiinga av verksemda i føretaket, og følgje dei retningslinjer og pålegg som styret gjev. Den dagelege leiinga omfattar ikkje saker som etter forholda i føretaket er av uvanleg art, eller er av stor tyding. Dageleg leiar kan elles avgjere ei sak etter fullmakt frå styret i kvart enkelt tilfelle eller når det er til vesentleg ulempe for føretaket å vente på eit styrevedtak. Dageleg leiar har ansvar for at barnehagen har eit internkontrollsystem som er i rett i høve til gjeldande lover og føreskrifter. Styret kan til ei kvar tid krevje at dageleg leiar gjer styret eit nærmare innsyn i bestemte saker.

10 Årsmøte

Årsmøtet er føretakets øvste organ.

Ordinert årsmøte skal avholdast innan utgongen av april månad kvart år.

Styret skal kalle inn til ekstraordinert årsmøte når styret finn det naudsaamt, eller når revisor eller minst ti prosent av medlemmane krev det, og samstundes oppgjev kva saker dei ynskjer å behandle. Årsmøtet blir leia av styreleiar, med mindre årsmøtet vel ein annan møteleiar.

11 Innkalling til årsmøte

Styret kallar skrifteleg inn til årsmøte til alle medeigarar som er registrert pr. 15 februar gjeldande år. Det skal kallast inn med 14 dagars varsel. Innkallinga skal syne dei saker som årsmøtet skal behandle samt tid og stad for møtet. Forslag om vedtektsendringar skal liggje ved innkallinga.

Eventuelle saker frå medlemmar skal meldast skrifteleg til styret i god tid til at det kan takast med i innkallinga. Styret gjer til kjenne kva dato som gjeld i høve til innmelding av saker til årsmøtet.

12 Årsmøtet skal handsame:

Val av referent og to personar til å underskrive protokoll, samt føre oversikt på møtande medlemmar, kor mange som har stemmerett, og kor mange stemmer desse har.

Styrets årsmelding

Godkjenning av årsrekneskap og budsjett.

Val av styremedlemmar.

Andre saker som er korrekt meldt inn til behandling

13 Stemmerett for årsmøtet

Kvart medlem har ei stemme på årsmøte, med mindre noko anna særskilt er bestemt. Kvart medlem kan møte ved fullmektig, men ingen kan vere fullmektig for meir enn eit medlem . Det må leggjast fram skrifteleg og datert fullmakt.

Kvart medlem har stemmerett i høve til tal andelar som er innbetalt . Der det er betalt inn to andelar har medlemmen to stemmer , sameleis ved fleire andelar.

Ei avgjersle som årsmøtet har tatt, krev at fleirtalet har stemt for. Ved likt stemmeval, vil dobbelstemma til møteleiar vere avgjerande. Det blir ikkje stilt noko krav for kor mange som må vere tilstades for at årsmøtet skal vere avgjerslekraftige.

14 Vedtektsendringar

Vedtak om vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal av avgjevne stemmer for å tre i kraft.

15 Opplysing og avvikling

Opplysing av føretaket blir vedteke av årsmøtet med same fleirtal som gjeld ved vedtektsendringar. Medlemmar i føretaket har rett til å få utbetalt sine innskot, dersom det er midlar i føretaket etter at det har dekt sine forpliktingar. Midlar som er att utover dette skal gå til samvirkeføremål, eller føremål til allmenn nytte.

16 Gjeldande vedtekter

Vedtektene gjeld lov om samvirkeføretak av 29.juni 2007 nr81 i punkt 16.

Desse vedtektene trer i kraft etter vedtak på årsmøte 23.mars 2021, og erstattar Vedtekter datert 29. mars 2009

Jeanette Engen

Styreleiar